

LEGEERKLÆRING

Dette skjemaet skal fyllast ut av lege og skal leggast ved søknaden om løyve til bruk av snøskuter på grunn av funksjonshemming

Utfyllt skjema er underlagt teieplikt jf. forvaltingslova § 13, punkt 1.

Pasientens namn:.....

Adresse:..... Postnummer:.....

Poststad:.....

Til legen:

Det er pasientens manglande evne til å ta seg fram til fots/på ski i utmark som er det medisinske grunnlaget for pasientens moglegheit til å få dispensasjon i medhald av nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5b: transport av funksjonshemma.

Dispensasjon etter denne regel kan berre gjevast der det kan dokumenterast *varig rørslehemming*. Først og fremst er det spørsmål om liding i underekstremittane, men lunge-, hjerte- og nevrotisk liding m.m. kan og vera avgjerande for om det kan anbefalast å gje dispensasjon av medisinske årsakar. Problem med å bera eller trekke utstyr er ikkje omstende som i seg sjølv er grunnlag for dispensasjon i medhald av §5b. Køyning i terreng kan gje til dels store påkjenningar på rygg. Det må vurderast om pasientens sjukdomstilstand er slik at det er forsvarleg å køyre åleine langt frå vanleg beferda område, eller om snøscooter bør/må førast av andre. Køyning utanom fast trakka løype kan innebera at snøscooter køyrast fast og må måkast/løftast laus. Lidingar i rygg eller armar/skuldrer kan gjere slik manøver vanskeleg/umogleg utan hjelp. Fare for slik situasjon må vera ein del av vurderinga.

Legeerklæringa er ikkje det einaste grunnlag for vurderinga av om pasienten bør få innvilga dispensasjon. Pasienten må sjølv i eigen søknad også gjera greie for forhold som medfører særleg behov for å nytte snøscooter. Forskrifta heimlar ikkje løyve til køyring der føremålet er rekreasjon åleine.

For meir informasjon sjå rundskriv t-1996-1, s. 28 under overskrifta *Transport av bevegelseshemmede funksjonshemmede*,

Er funksjonshemminga varig (dvs. varar heile livet)?

- Ja
 Nei

Har funksjonshemminga samanheng med høg alder?

- Ja
 Nei

Dato

Underskrift

Stempel